



## INFORMASJON OM KLAGERETT OG KLAGEBEHANDLING VED SLUTTVURDERING

Informasjonen i dette skrivet er heimla i Forskrift til Opplæringslova kap.5.

### Kva kan det klagast på? (Jmfr. Forskrift til Opplæringslova § 5-1)

- A. Standpunktakarakterar i fag (Gjeld valgfag 8.trinn, valgfag og mat og helse 9.trinn samt alle karakterar på 10.trinn.)
- B. Skriftleg eksamenskarakter
- C. Munnleg eksamenskarakter
- D. Standpunktakarakter i orden og åtferd
- E. Vedtak om å ikkje sette standpunktakarakter

### Kven kan klage? (Jmfr. Forskrift til Opplæringslova § 5-2)


- Elevar og føresette
- Elevar under 15 år kan ikkje klage utan skriftleg samtykke frå føresette

### Klagefrist (Jmfr. Forskrift til Opplæringslova § 5-5)

Fristen for å klage på vedtak som gjeld eksamenskarakterar og standpunktakarakterar er 10 dager. Fristen vert rekna frå det tidspunktet når meldinga om vedtaket er kome fram til den som har klagerett, eller når den som har klagerett burde gjort seg kjent med vedtaket.

### Avgjerd i klagesaker (Jmfr. Forskrift til Opplæringslova § 5-3)

- Behandling av klage på karakterar kan få tre forskjellige utfall:
  1. Karakteren blir ståande
  2. Karakteren vert endra til fordel for eleven
  3. Karakteren vert endra mot eleven sin fordel
- Avgjerda skal grunngjevast.
- Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på.
- Dersom klagebehandlinga fører til endring av vitnemål, skal det skrivast eit nytt, og tidlegare vitnemål skal leverast attende til skulen.



- Når rektor har motteke klaga blir klaga oversendt til Fylkesmannen for ny behandling. Besvarelsen vert då vurdert på nytt av ei klagenemnd på 3 medlemmer.
- Klagenemnda vert gjort kjent med karakteren prøvesvaret fekk ved den ordinære sensuren.
- Dersom klagenemnda finn ut at karakteren er urimeleg ift. Eksamensprestasjonen, sett dei ny karakter.

Eleven bør rådføre seg med faglærar i samband med ei klage på skriftleg eksamenskarakter.

**C. Klage på karakter ved munnleg eksamen (jmfr. Forskrift til Opplæringslova §5-10)**

- Det er ingen klagerett på utfallet av munnleg eksamen. Det kan kun klagast på formelle feil ved eksamensavviklinga.

**D. Klage på karakter i orden og åtferd (jmfr. Forskrift til Opplæringslova §5-13)**

- Klagen skal sendast rektor ved skulen. Rektor sender klagen vidare til Fylkesmannen saman med uttale i høve vedtekne retningslinjer frå Fylkesmannen.

**E. Vedtak om å ikkje sette standpunkt-karakter**

- Dersom ein elev står i fare for ikkje å få standpunkt-karakter i eit fag, eller få nedsett slutt-karakter i orden og åtferd, skal skulen varsle foreldre/føresette om dette.